

Størst fisk til no 8,9 kilo

01.07.2013



3 fiskarar ved Djupehølen i kveld

Etter vel ein halv månad er det innrapportert til elveeigarlaget fiskefangstar på tilsaman 72,49 kilo i Uskedalselva - fordelt på 35 fiskar. Den hittil største laksen tok Ove Eidsvåg på Nedre Feet søndag og vekta var 8,9 kilo. I dag har det vore bortimot ideelle tilhøve med brukbar vassføring og duskregn, men førebels ikveld er det ikkje meldt om større fangstar.

Men kva for ein plass langs elva er så den beste?

Det vert vel gjenstand for ein evig diskusjon, men det er tydeleg at Djupehølen har mange tilhengjarar i den nedre delen. Seinast i kveld var det flest fiskarar der.

Men statistikken så langt i sommar gjev eit noko differensiert bilete. Såleis står Nedre Feet sterkare med den største fisken og 6 fiskar.

Hauglandområdet er også relativt populært og det samme er Gravehølen. Også Dønhaughølen er med i statistikken etterat den vart opna att for 'folk flest'.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Djupehølen er framleis populær